

Store verditap av eigedom ved utbygging av vindkraft.

02.11.2020




Frammøte kunne vore betre, men dei som var der, synte stor interesse med gode spørsmål og innlegg.

Vindkraftutbygging fører til store verditap av eigedom. Hus og eigedom til 4 mill. kr. i nærleiken av vindturbinar i Tysvær hadde eit verditap på 2 mill. kr. Utbyggjar tek pant i eigendomen. Utdrag frå Grunnboka syner at gardsbruk er pantsett der det i dag pågår større utbyggingar. Dette er berre noko av det som kom fram på ope møte i Uskedalen i går kveld. Det var dårleg frammøte frå dei som eigenleg var målgruppa, nemleg grunneigarar, hytteeigarar, grunneigar- og utmarksdrag, hjortejegerar og andre med interesse i friluftsliv. Det var likevel eit godt og konstruktivt møte med mange spørsmål og innlegg frå salen.

Det var organisasjonen Nei til vindmøller i Kvinnherad v/ Marit Varanes og Annemor Ekeland som inviterte til møte i Uskedalen. Føredraget med tittelen Medaljens baksida fekk fram det som løyner seg bak med forhandlingar, avtalar og underskrifter med grunneigarar, ofte i lukka rom utan at allmenheten er informert.

Ei vindmølle har ei levetid på 15 - 20 år. Sjølv om utbyggjar har fjerningsplikt, er det ofte uklart om det vert gjort. Utanlands kapitalkrefter står bak 80 % av vindkraftprosjekta i Noreg. Det let seg gjera i ei tid der Regjeringa står fram med såkalla grøne sertifikat.



Kartet syner område NVE definerer som godt eigna for vindkraftutbygging.

Marit Varanes valde å flytta heim til Kvinnherad. Natur- og kulturverdiane med vakker natur, turområde og eit rikt dyre- og fugleliv var avgjerande for dette valet. Kven flyttar til ei bygd der du møter vindkraft med sprengingar, vegar, 250 meter høge vindturbinar og store inngrep i landskapet, spurde ho.

NVE har definert store område i Kvinnherad godt eigna for vindkraft. Regjeringa skrota Nasjonal ramme. Det er ikkje det same som at det ikkje kan bli utbygging i Kvinnherad.

Arrangøren var godt nøgd med møte, særleg for stort engasjement med gode spørsmål og merknader. Aksjonsgruppa i Kvinnherad jobbar for at nei til vindkraft skal koma klart fram i Kommuneplanen, både i tekstdelen og i arealdelen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal